



# FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

Hordaland Fylkeskommune

30 SEPT 2015

Hordaland fylkeskommune,  
Regionalavdelinga  
v/ seksjonsleiar klima,  
Karen Louise Nybø

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksb. – tlf.

Dato

2015/1497 - 21228/2015

Marit Selberg Sigurdson - 55 09 73 73

28.09.2015

## Søknad om økonomisk stønad til mobilitetsrådgjevarstilling i Fjell kommune

Fjell kommune ønskjer å arbeida strategisk og langsiktig for å leggja til rette for miljøvenlege reisevaner. For å følgja opp regionale og kommunale planverk og strategiar, har vi behov for ein ressursperson som kan koordinera og forsterka arbeidet med å styrkja grønn mobilitet. Vi søker difor om økonomisk stønad til å tilsetja ein mobilitetsrådgjevar i ein toårig prosjektstilling, med intensjon om vidareføring i det ordinære budsjettarbeidet.

Kostnadane knytt til ei 100%-stilling i to år vil vera rundt kr. 1,1 million. Fjell kommune ved Plan- og utbyggingssjefen, søker fylkeskommunen om kr. 800 000,- over to år. Dei resterande utgiftene vil vi dekkja over eige lønsbudsjett, i tillegg til å søkja Fylkesmannen i Hordaland om skjønsmidlar.

Mobilitetsrådgjevaren vil bli tilsett i Plan- og utbyggingsavdelinga, og inngå i eit tverrfagleg team med areal- og samfunnsplanleggjarar, folkehelsekoordinator, og representantar frå miljøgruppa og informasjonsavdelinga.

### Bakgrunn:

Menneskeskapte klimaendringar er ei av dei største utfordringane vi står overfor. Klimameldinga (Meld.St. 21 (2011-2012)) har som mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, og Noreg skal fram til 2020 skal kutta dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 % av norske utslepp i 1990. Klimaplan for Hordaland 2014-2030 har ei målsetnad om at utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991.

Utslepp av klimagassar skal reduserast drastisk og redusert transportomfang og endring i reisevaner til miljøvenlege transportmåtar, vil vera viktige bidrag til å redusera klimautsleppa. For å få dette til må kommunane ta heilskaplege grep, og dette får konsekvensar for byutvikling, transportmønster og reisevaner. Behovet for å endra folk sine transportmønster i miljøvenleg retning kan kort oppsummerast slik:

- **Globalt** gir klimasituasjonen behov for å redusera energibruk og utslepp. Transportsektoren er ei av dei største bidragsytarane til CO<sub>2</sub>-utslepp, og redusert bilbruk er derfor eit sentralt mål.
- **Lokalt** vil fortsatt auka biltransport medføra store kostnader, dårlegare kapasitet på vegnettet, lokal forureining og større arealbruk "under asfalt". Trafikkavviklinga vert redusert ved at nybygde veganlegg raskt fyllast opp av ny biltrafikk.
- **For innbyggjarane** vil lokal forureining og dårleg trafikkavvikling vera belastande i kvardagen. Grøn transport, som gange og sykling, bidrar dessutan til betre helse.

Kommunen har ansvar for fleire tenester og verkemiddel som verkar inn på transportomfanget. Areal- og transportpolitikken legg føringar for transportmønsteret, og avdelingane for plan- og utbygging, eigedom, skule og barnehage har moglegheit til å påverka folk sine reiseval. I tillegg har vi Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune, politiet og Trygg Trafikk, som på ulikt vis har ansvar for delar av samferdslesektoren. Ansvar for gjennomføring av aktiv mobilitetspåverknad er altså spreidd på eit stort tal aktørar. Nettopp i ein slik situasjon er det viktig at nokon står fram og koordinerer arbeidet, og er ein pådrivar for ein meir miljøvenleg, grøn mobilitet i Fjellsamfunnet.

### **Innsatsområde**

I arbeidet for redusert biltrafikk og auka bruk av sykkel, gange og kollektiv, er det viktig at eit breiast mogleg spekter av verkemiddel blir tatt i bruk. Prosjektet skal likevel ha nokre sentrale innsatsområde, som vert skissert under.

- Følgja opp mål, intensjonar og tiltak i nasjonale, regionale og lokale planverk, som til dømes klimaplan og regional transportplan for Hordaland, og kommunen sin sykkelstrategi, energi, miljø- og klimaplan, trafikksikringsplan og mobilitetsplan for Bildøyna. Arbeidet med grøn mobilitet skal vera ei heilskapleg satsing som grip inn i alle relevante sektorar og avdelingar. Formidling av kunnskap, samhandling og koordinering internt i kommunen og opp mot regionale og nasjonale aktørar, vil bli vektlagt i prosjektperioden.
- Ei endra haldning til berekraftig transport er viktig for å få ei forståing for betydninga av auka satsing på sykkel, gange og kollektiv, både hjå den enkelte Fjellsokning, planleggjarar og politikarar. Folk må ta eit bevisst val om å velja vekk bilen på dei korte reisene, og kampanjar og informasjon kan bidra til å påverka folk i riktig retning. Mobilitetsrådgjevaren skal driva aktiv mobilitetspåverknad til innbyggjarar og bedrifter, og marknadsføra alternativ til personbiltransport. Vi ønskjer mellom anna å delta i dei europeiske kampanjane Bilfri dag og Europeisk mobilitetsveke. Barn og unge er ei viktig målgruppe for opplæringstiltak og haldningsskapande arbeid, og mobilitetsrådgjevaren kan til dømes rådge skulane i utarbeiding av skulevegplanar (m.a. organisering av sikker gange og sykling for ungene sin skuleveg).
- Eit av måla i den nyleg vedtekne sykkelstrategien for Fjell kommune, er at vi skal utvikla ein positiv sykkelkultur, der sykling vert sett på som attraktivt og sosialt akseptert. Det er eit stort potensiale for å auka sykkelandelen i Fjell, og det er fleire tiltak og prosessar på gang som kan bringa oss eit stort steg framover; vi har ein nyleg

vedtatt sykkelstrategi, det er eit politisk vedtak om at Fjell skal melda seg inn i Sykkelnettverket, vi har blitt tatt opp i Byreg fase 2, der sykkel er eitt av tre tema, og ikkje minst skal Sykkel-VM arrangerast i regionen i 2017. Førebuing og gjennomføring av Sykkel-VM vil skapa mykje merksemd, og vil kunna gje sykkelgleda eit godt løft. Ei av mobilitetsrådgjevaren sine viktigaste oppgåver vil vera å følgja opp sykkelsatsinga, både med haldningsskapande tiltak, kampanjar og arrangement, og med fysiske tilretteleggingstiltak.

- Folkehelse skal vera ein raud tråd gjennom heile prosjektperioden. Fysisk aktivitet som helsefremjande faktor er ei ferskvare som må vedlikehaldas gjennom dagleg bevegelse og aktiv bruk av kroppen. Aktivitetsnivået i befolkninga er lågt, skeivfordelt og har ein negativ utvikling. Å nytta aktiv transport kan ha stor innverknad på kvardagsaktiviteten, og er ein billig og effektiv måte å oppfylle anbefalingane til fysisk aktivitet og minska omfanget av stillesitting.

Vi håper Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til søknaden om midlar til mobilitetsrådgjevar i Fjell, og vi ser fram til å setja i gang prosjektet.

Med helsing

  
Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef